

# Museet i Haugesund

10 års melding 1925—1935 og  
Avhandlinger om Vest-Norsk kultur

---

*Redaksjonskomité:*

HEMING R. SKRE

form.

C. MAGNE RØNNEVIG      JOHN A. DØSSELAND

HAUGESUND 1935

---

A.S. JOHN GRIEGS BOKTRYKKERI, BERGEN

## FORORD.

Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene har i de første 10 år det har eksistert hatt sin fulle oppgave med å skaffe økonomisk basis for museumsarbeidet, skaffe lokaler og drive en systematisk innsamling. Det har ikke vært høve til å befatte sig med litterære oppgaver i nevneverdig grad, i de 10 år er det bare sendt ut et par mindre publikasjoner.

I anledning 10-års jubileet har vi imidlertid dristet oss til å utgi dette skrift, ut fra den oppfatning at museumsarbeidet ikke bare består i innsamling og opbevaring, men også i å spre videre en del av den kunnskap som gransking på de forskjellige områder som hører inn under museumsvirksomheten gir.

Det betyr et økonomisk offer for laget og dets knappe midler, men vi håper til gjengjeld å vekke interessen for museumsvirksomheten også for dette distrikt, slik at det kan bli stadig større tilslutning til oppgaven. Og oppgaven er å lære vår forhistorie og kulturhistorie bedre å kjenne, og å samle og opbevare ting av kulturell interesse på de forskjellige områder.

*Styret.*

## Kultminne ved Avaldsnes og på Haugaland.

Det fell naturleg å tenkja seg at folk som har hatt solreligion, med sol, måne og stjernor som guddomar, gudesymbol eller heilage varsel, ogso hadde sine kultstader og tempel astronomisk orientert. Mange meiner ein har provfaste døme på dette, serleg i Egypt med dei eldgamle byggverk, tempel og pyramidar. Dertil har Egypt skrivne religiøse tekstar frå solreligionens store tid dernede minst 3—4000 år før Kristus, og ein finn her mangt som stydjer denne tanken. Klassisk gresk kult som vart mykje påverka av egyptisk kult viser og teikn til det same, likeso andre religionar og kultursamfund gjennom tidene, ikkje minst den babylonske.

Um norsk førhistorisk kultus har ein serleg dei arkeologiske funn å stydja seg til, men stadnamn og mytologi fortel og sitt og hjelper fram til ei vurdering. Denne vurdering har konkludert med at Noreg og har hatt ei lang periode då solreligionen var den fremste, og denne solkult har sett seg mange synlege minne. Den klåraste tale er truleg alle helleritingane der solsymbol er ein dominerande del av teikninga. Professor Håkon Shetelig har i sine studier og arbeid kasta forklårande ljøs over dette spørsmålet. Sjølv um han endå held fram at bronsealderen er den mest gåtefulle periode i norsk førhistorisk tid.

Um overgangen frå denne solreligion til den gamalnorske gudekultus slik me kjenner han gjennom dei mytologiske segn og kvede som er overlevert og delvis gjennom runeinnskrifter, veit ein lite. Det vert gissing. Men truleg har det vore ein jamn vokster eller overgang, slik ein og har far etter det hjå andre kulturfolk som frå solreligion gleid over i kult med rikare gudegalleri, eller i eldre kult som kanskje tok seg uppatt på forn्या måte.

Ein har lov å tenkja seg at det har vore nært samband millom kultus i den nære orient og Midhavslanda og kultus hjå folkflokkane i Nord-Europa, slik det og kann påvisast kulturpåverknad. Det er å vona at ein etterkvart får meir ljøs over problemet,

den samanliknande kulturforskning arbeider med slike spørsmål og det er ikkje tvil um at denne heller nye vitskap med tida vil føra til gode resultat. Arkeologiske funn, kultminne og kulturninne i namn og mytologi, folkløse, språkgranskning etc. er det materiale dei arbeider med, og ved å stilla dette saman får dei ljøs og skuggeverknad som kann teikna oss konturbilete av forntida.

### *Avaldsnes.*

Det som vert lagd fram i denne artikkelen er ei samanstilling av kultminne og kultnamn for eit større distrikt av Vest-Noreg, med centrum ved Karmsundet, Avaldsnes. Distriktet rømer halvøya millom Hardangerfjorden og Boknafjorden med øyane kringum, men noko meir er tatt med her. Med ei ny nemning vert dette distriktet kalla Haugaland, og det skal visa seg å vera eit råkande namn, både med naturleg og symbolsk grunnlag.

Og meininga med denne samanstilling av kultminne og kultnamn er å freista um det kann gi noko rettleiding um våre forfeders tru, tenkjemåte, kultur og kunnskap.

Det er arkeologisk slått fast at Avaldsnes ved Karmsundet i bronsealderen var eit av dei store norske kulturspreidarcentra, som påverka større strok innover Hardangerfjorden og Boknafjorden. Sterkast er dette påvist av konservator Johs. Bøe, Bergen, i hans avhandling »Hordenes innflytning og oldfunnene ved Hardangerfjorden« (Bergens Museums årbok 1931 eller serprent).

Professor Shetelig og dr. Jan Petersen er delvis inne på det same i sine arbeid.

Bøe meiner at det i Vest-Noreg ikkje er far etter større skifte i folkeslag og kultur, det må ha vore jamn utvikling utan brå overgangar i kultur og sed frå bronsealders tider til no.

Er dette so skulde ein ha lov å venta seg gode resultat av ei samanstilling vedkomande eldre kultminne og kultnamn. Stadnamna skulde m. a. vera i samsvar med grunnmålet for dialektane idag og ikkje skilja seg ukjenneleg ut stort sett.

Vår fremste norske stadnamngranskar, professor Magnus Olsen, har alt påvist dette. Sjølv um mange namn av gamal type tykkjest ukjennelege og utydande for oss endå, meiner han at ein kanskje etterkvart kann koma inn til meininga ogso med desse ut frå næmare språkstudier eller andre granskingsresultat. Professor Magnus Olsen gissar meir og meir på at mange av våre stadnamn

er ovleg gamle, han meiner at stadnamnlaginga i stor mun var i full sving alt i bronsealders tider og kanskje før og at same namna har livd til no. Dei som ein kann nemna hovudnamna av stadnamn held seg sterkt stabile, ein kann i so måte jamnføra stadnamn hjå andre gamle kulturfolk der sams hovudmål og sams folkeslag har rådd i tusundår.

\*


Resultatet av samanstillinga har vorte ei merkjeleg stadfesting av sidor ved vår gamle kultur som granskarane alt har skildra ut frå andre kjeldor. Og vidare etter mi meining ei utdjuping av biletet som gir rettare perspektiv og klårare farge, og syner større tanke og evne hjå dei som stod fremst i vår kultur for 3—4000 år sidan og seinare, enn mange har våga å tru. Norske kulturfund, pryding og anna, kann på mange vis fullt jamnførast med kulturfund hjå påviseleg store kultursamfund i halvtempererte strok. Og vår kult torer kanskje ogso tola jamnføring, um her ikkje er veldige tempelruiner og gudebilete til minnesmerke. Material og klima har vore uhøveleg kanskje, og so har dei funne andre og sereigne måtar for sin kultus.

I eit resume skal nemnast hovudpunkt i det resultat etterrøkjningane og samanstillinga har gitt:

1. På og ved Avaldsnes tykkjest vera eit større sakralt anlegg som i alle høve delvis må skriva seg frå bronsealders eldste periode. Dei store kjempehaugane, Rehaugane, er ein lut av dette anlegget, og desse er arkeologisk tidfest ved gravfund. Haugane er upptil 36—38 m. i tverrmål og 5—6 m. høge, bygde av stein og jord, dei inneheld graver frå eldste periode i bronsealder og ned til eldre jernalder. Dertil ligg haugane i rader og orientert slik at dei delvis kann ha tent som kalenderhaugar i solreligionens dagar, delvis andre symbolske linor.

Jomfru Marias synål ved Avaldsneskyrkja, landsens største bauta, tykkjest vera centrum i anlegget ved Avaldsnes. Og eit anna hovudpunkt er Dei fem dårlege jomfruer ved Salhus, fem bautasteinar på fastlandssida ved Karmsundet. (Ved ferjestaden Salhus).

Desse tri punkt, Rehaugane, Jomfru Marias synål og Dei fem dårlege jomfruvor, er hyrnor i ein triangel, med lengste sida Rehaugane—Dei fem dårlege jomfruvor, linje nordaust, og Jomfru Marias synål som hyrna i dei rettviokla og like triangelbein. Midt-



punkt på skråsida tykkjest vera solsnulinje ved jonsok. (Solnedgang, døds kultus). Og Jomfru Marias synål er orientert mot soloppgang jonsok.

Ein del av Rehaugane ligg i rad orientert mot soloppgang i månads skiftet april—mai; solnedgang kring 1. nov. Mot siktepunkt Spannavaren i aust og Vardehaugen i vest.

2. Millom stadnamna omkring Avaldsnes og innover og nord og sør so langt horisontlina går frå høgdena ikring Karmsundet kann ein finna sers mange kultnamn og mytologiske namn, og oftast i linor som skjer Avaldsnes og spreider seg frå dette centrum (Jomfru Marias synål) i vifteform kring heile synskverven. Desse linor tykkjest markera årstider etter solgang og stjerne deklinasjon, tider for religiøse festar og varsel for kulthandlingar m. v. Det tykkjest med andre ord vera astronomisk orienterte linor, med lokale kultstader og kultnamn kring eit hovudcentrum, Avaldsnes. Det er som filialar knytt til eit centralpunkt. Mengda av desse namn og linor kann tyda på ein slaga kult gjennom lang

periode. Skifte i stjernegangen frå århundrad til århundrad skapte nye linor kanskje, og nye serier kultnamn.

Korleis den tankegang og kult har vore som har skapt alle desse namn er det sjølvsagt ikkje so lett å avgjera, men ein har lov å tenkja seg at dei har sett ei sers velsigning i å ha kultstader i bygd og tun liggjande under linor millom hovudkultcentret Avaldsnes og dei horisontpunkt der sola eller visse stjernor viste seg, steig upp eller gjekk ned ved dei store religiøse høgtider til ymse årstider og av ymse slag.

Ein finn mange av dei noverande kyrkjestader nettop i desse linor. Og det er kjend at dei då kristendomen kom bygde kyrkjone på stader som og før hadde hov og tempel eller var kultstader og samlingstader på annan måte.

3. Bautasteinane i Haugaland tykkjest vera orientert på same måte som dei nemnde stadnamn (kultnamn). Dei er å finna i same linor og attved gamle tun. Det kann vera einskilde større steinar oppsett ogso på lokalt orientert måte, ofte i retning solnedgang eller soloppgang ved månadsskiftet april—mai (som ein del av Rehauganlegget). Eller dei er upsett i figur, ofte i trianglar av ymse storleik og form, men med lengste sida i retning sørvest—nordaut. (Som Avaldsnestriangelen). Det har vore noko usemje um kor langt attende ein kunde tidfesta bautasteinane. Vanleg har dei vore sett på som gravminne frå yngre jarnalder og seinare, og runesteinane kann truleg ikkje vera eldre. Men museumsdirektør dr. Jan Petersen, meiner at mange av bautaene kann vera frå eldre jarnalder, og det er ikkje då langt sprang endå lenger attende i tid. Um det er gravminne eller kultsteinar, eller baa deler er ikkje so visst å segja, men mest truleg har dei tent kultfyremål.

Um anlegg av bautasteinar, som Dei fem dårlege jomfruvor ved Salhus, meiner dr. Petersen at det kann ha vore kultstad og tingstad, og det må visseleg vera rett.

Det er ikkje funne runor på nokon bauta i Haugaland og næraste øyar i nord og sør. Det kann og vera som eit slags prov for at steinane må vera eldre enn runetid, sjølv um det og kunde tenkjast at det berre ikkje har vore skikk å rista runor på dei her. Det vilde likevel vera merkjeleg at skikken skulde vera so ublanda, sers når ein tenkjer på at distriktet her vel er det rikaste i landet på bautasteinar, og at det har vore langt fleir etter det folk fortel. Mange vart for eit par mannsaldrar sidan lagt ned og brukt i dei nymodens husmurar til våning og løe som då reiste seg.

### *Solkult og sol-linor.*

Det store triangellet ved Avaldsnes,entrumsanlegget um ein kann kalla det slik, er som alt nemnd ein rettvinkla og likebeina triangel med Jomfru Marias synål i vinkelhyrna. Eine vinkelbeinet har retning mot Dei fem dårlege jomfruvor ved Salhus, ca. 2,2 km. burte, lina går ca. 11,5 gr. aust for nord og skjer centret i Dei fem dårlege jomfruvor i spalte millom tvo av midtsteinane.

Det andre beinet går mot vest ca. 79 gr. frå nord mot eit punkt på Luren, bruk under Landagarden, Avaldsnes, der det har vore ein større haug. Denne er no jamna med jorda. Avstandet er ca. 2,2 km. Midtpunktet på diagonalen eller triangelsida millom Luren og Salhus (Dei fem dårlege jomfruvor) tykkjest vera solsnulina, solnedgang ved jonsok, ca. 34 gr. vest for nord. Frå Avaldsnes er det mot heile nordvesthorisonten fritt utsyn til havranda over det låge lendet på Nord-Karmøy, ein ser sola sig i havet.

Frå Luren og langs vinkelbeinet mot Avaldsnes ligg det rester etter 3—4 haugar på ein distanse 360 m. frå Luren. Frå dette punkt i retning nordaust mot ein fjelltopp inne på fastlandet, Spannavaren, 62—63 gr. aust frå nord, ligg den store rad av kjempehaugar som er kalla Rehaugane og som endå er nokorlunde istand som dei har vore so ein ser storleik og oppbyggjingsmåte. Det er 6 haugar ein endå ser eller som det er vister etter. På Bendixens kroki frå 1876 er avmerkt endå tvo haugar i same line, men dei er no jamna heilt med jorda. Den gongen var det endå utmark kring haugane. No er det dyrka kring dei.

Sett frå Avaldsnes ligg Rehaugane som kunstige høgder mot horisonten, langs ryggen på eit ra, ein grus eller leirmorene som går over øya. Det tykkjest tydeleg vera kalenderhaugar, ein ser sovidt sola går i havet attum dei. Står ein ved Jomfru Marias synål på Avaldsnes i vår tid, kann ein sjå sola sig i havet ut for Reholmen over austre Rehaugen 25 april, ei line ca. 59 gr. vest for nord eller det ein plar nemna maiår line. Rehauglina mot Spannavaren og Avaldsneslina over austre og største Rehaugen markerar soluppgang og solnedgang umlag same dato, gradsskilnaden frå nord er truleg skilnaden i horisonthøgd.

Avstandet millom Rehaugane vestover frå den nemnde storhaugen, sett frå Avaldsnes, er i grader: 2 gr., 2 gr., 2 gr., 3 gr., 2 gr., 4 gr., 4,5—5 gr. Tala er berre cirkatal, målingar med noggranne instrument har det ikkje vore høve til endå.



Austre Rehaugen er vel 38 m. i tverrmål, og som nemnd størst, dei tri neste, (medrekna den av Bendixen markerte 1876) er 36, 32,5 og 32,5 m. i tverrmål, so kjem ein på 28,4 og tvo på 22,5 m. i tverrmål.

Det er grave i dei fleste av haugane, og funne skjelettgrav og ymse vakkert gravgoods, datert til eldste periode i bronsealder. Det er og funne jernaldersgraver. Dei ligg i haugkanten, ikkje midt i haugane. Det er god grunn til å tru at haugane primært er kalenderhaugar og deler av solkultanlegg, og sekundært gravhaugar. Likesom våre kyrkjor i eldre tid, og fleire stader endå, primært er gudshus men sekundært og har vore gravstad for gjævt folk, med krypter under kor og golv.

Bendixen grov igjennom ein av haugane i 1876, og fortel at midtpartiet var ei høg og vid steinkule av kult, med store steinar i ring kringum, og utanfor denne kula var det liksom ein lågare ring av steinrøys. Over det heile var lagt grus og jord og haugane fekk ein skrånande og sterk profil som hindra nedrasing. Ringkonstruksjonen gjer at ein uvilkorleg samanliknar med ringane, solsymbolet, på helleritingane.


Imillom og sør for dei tvo austre Rehaugane har det vore eit rikt gravfelt gjennom heile jernalderen, etter kartet frå 1876 var det vel eit halvt hundrad, runde og firkanta gravhaugar, store og små, upp til 10 m. i tverrmål. Desse haugane er no heilt burte, marka er oppdyrka og jamna. Midt millom desse tvo austre Rehaugane står det ein ca. 3 m. høg bauta, orientert etter haugrekkja.

Jomfru Marias synål står ved nordveggen på noverande Avaldsneskyrkje, bygd i 1200 åra under Håkon Håkonson som den fjerde i rang av dei kongelege kapell i landet. Steinen er største bautaen i Skandinavia, no 8,5 m. høg over jorda, men før 1840 åra over 9 m. I 1840 åra restaurerte dei kyrkja som var til nedfalls, og gjorde murane i skipet lågare so steinen kom i veggen for gesimsen. Dermed slo dei like godt toppen av steinen. Steinen hallar sterkt inn til kyrkjeveggen, og ei gamal segn fortel at når toppen når inn til kyrkjeveggen er det domedag. Det er nokre tumar att.

Jomfru Marias synål er ei veldig gneishelle, reist slik at smalkanten er orientert mot ca. 42 gr. aust frå nord eller soluppgang ved jonsok, sola kjem fram over ein åsrygg på Fastlandssida av Karmsundet.

Det er dei som har meint at maiåret med såtidfesten som viktigaste årsinndeling og religiøse fest er av eldre dato enn mid-

Jomfru Marias synål  
ved Avaldsnes kyr-  
kja. Rehaugane mot  
synsranda i nordvest  
under pilene.



sumaråret med jonsok som storfesttida. Etter Avaldsnesanlegget å døma skulde der bae inndelingar truleg vera samtidige og jamngode.

Ei segn um Jomfru Marias synål som er uppteikna i melding frå Avaldsnes av sokneprest J. Irgens Hadeln, 16. mars 1819 og som finst i riksarkivet, lyder slik:

»Gamle tror at Jomfru Marias synål står på en gravhaug av den ko som kong Augvald hvorav prestegården og hele kallet har sitt navn, tilbad i den formening at dens melk skulde fri ham fra døden.«

Denne segna tyder på ei ovleg gamal overlevering, og har same fyresetnad som t. d. den eldste egyptiske tru me kjenner, frå solreligionens dagar. Ein finn same uttrykksmåte og syn i pyramide-

tekster og egyptisk mytologi, og det er same høve millom ein egyptisk guddom og kua hans som millom Augvald og kua. Augvald kann kanskje soleis forast attende til reminicens av eit gudenamn. Og det er mykje meir truleg det er eit kultnamn enn vanleg mannsnamn. Jamnfør ogso ynglingatal og den form overlevering um eldre gudeskapnader der har fått. Fleire av kongenamna er tydeleg eldre gudenamn. (Knfr. Schuck).

Gardsnamnet Uvik, garden Rehaugane ligg på, er og eit gåtefullt namn, men det ligg nær å føra det attende til kultbruket. Anten det no kann ha samband med eit urnordisk ord for det som seinare vart ve, vigg og vigd, — heilagdom — og som i den eldste runeskrift vert skrive »ue«, (jamnfør Sophus Bugge um ein runestein på Jæren), eller det har samband med det egyptiske »Uida« som visstnok er nemning for det innvigde gudeskipet, heilag solfarty. Jamnfør skipsfigurane på helleritingar frå bronsealder. Både solguden og dei døde siglde til den herlege dødeheimen i vest. Solnedgangskult var døds-kult. Det ligg nær å tru at Uvik er den vigde vika eller innvigde staden ved vika. I ceremoniane kann det og ha vore brukt ceremoniskip på vika her. I bronsealder gjekk sjøen noko høgare enn no, og stranda kom lenger upp under Rehaugane. Ein kann og ta med teorien um at »u« var ein heilag lyd og m. a. vart fyrste bokstaven i runerekkja, futharken. So heilag at han måtte løynast ved å setja siste bokstaven, »f«, fyre han. »U« var og ein viktig lyd i indiske mantrams (a u m). Jamnfør ogso vigsleordet i runeinnskrifter, »alu«.

Namnet Rehaugane kann koma av det gamalnorske ra som Sophus Bugge meinte var i slekt med det gamalgermanske Raiho, tysk Reihe, lang stong, langstrakt rygg, her brukt um morenerygg. Ein finn namnet fleire stader i landet, men i denne form merkjeleg nok ofte i samband med gravhaugar eller kulthaugar og kultcentra, som i Borre, Vestfold, og Time, Jæren. I gardsnamn har ein det som etterled i forma »rek«, Årek eller Årak.

Det ligg snåvande nær ogso å tenkja på det egyptiske solgudenamnet, Re eller Ra. Og so heilt umogeleg kann det ikkje vera at det er ein samanheng millom norsk bronsealders kultus og egyptisk samtidig solkultus, med andre ord at det har vore ein kultur og kultinvasjon. Heile anlegget på Avaldsnes med trianglet som konstruksjonsbasis, og vidare bautasteinane kringum i trianglar eller som stjernekalenderanlegg, (Dei fem dårlege jomfruvor) med orienterte gravfelt, solkultus og den gamle segn,

det tyder alt på nært samband med egyptisk påverknad av meir direkte natur. Ein må og koma ihug at Egypt for 3—4000 år sidan stod på toppen av si makt, og hadde handelssamband og kultursamband vidt ikring.

I engelsk bronsealders kultur og kult finst det mangt som liknar på norsk bronsealdersperiode, men det skal ikkje vera direkte tilknytning millom engelsk og norsk kultursed denne tid, derimot segjer kunnige norske arkeologar at den norske kultur og druidekulturen tykkjest vera paralelle greiner som frå basis i sør og invasjon frå Midhavstraktene har vakse upp til baa sidor av Nordsjøen, og hatt blømingstid.

Det tredje punkt i stortrianglet ved Avaldsnes, Dei fem dårlege jomfruvor, er eit kapitel for seg. Det vil seinare koma ei utgreiding um dette steinanlegget og anna vedkomande orienteringskulturen av ein interessert astronom som i lange tider har vore merksam på dei orienterte anlegg ved Karmsundet.

#### *Stadnamn i sollinor.*

På kartet som fylgjer er oppdrege ei mengd linor utover, og kultnamna er markert. Eg skal her fyrst gå over linone innan solgangfeltet frå jonsok til jol, og ta til med soluppgang midsumar. Dei namn som eg meiner er kultnamn, eller har samband med kultbruk, er sperra. Denne lina går frå Avaldsnes over reset millom *Spanne* og *Spann-Helgeland*, over Eikje, Førdesfjorden, med bronsealdersrøys på Gruttnes, vidare over *Helgelandsfjellet*. Like attved, noko sør um lina ligg *Alvanuten*. Vidare går lina over *Sølusgard*, Hodnafjellet, *Aksdal* i Etne, *Åkra* ved Åkrefjorden, *Avaldsnuten* og inn over sørluten av *Følgefonna*.

Attum Helgelandsfjellet ligg gardane *Helgeland*, *Fjellet* og *Aksdal*, og det er truleg Helgelandsfjellet før var eit Helgafjell. Helgaland skulde då vera garden ved Helgafjellet, Fjellet er truleg eldre, Helgafjellet vart vel nemnd Fjellet i bestemt form, framum andre fjell, og det gjekk over på garden. Aksdal kjem mest truleg av Akrsdal, åkerdal, etter kultåker eller heilag åker. Alle desse gardsnamn kann ha opphav i kultnamn. Aksdal i Etne på same måten, og so kjem Åkra tilsist, som eigenamn, ein viktigare kultstad som har vorte kyrkjestad. Avaldsnuten har truleg samband med Avaldsnes, og Følgefonna ligg det nær å tru er same ordet ein har i Fosen, av Folgsn, gøymsla.

Jamnfør eigenamnet Folgo som og er brukt um Folgefonna. Fonna var då staden som gøynde sola, som sola steig upp attum. I klårver ser ein Folgefonna frå mange høgder kring Avaldsnes. Det kann merkjast at sola stig upp attum øya Fosen ved vintersolsnu, sett frå Avaldsnes. Namnet på Folgefonna kann soleis ha sitt opphav i kultbruket på Avaldsnes. Lina går ca. 42 gr. aust for nord.

Maiårlina innover mot soluppgang, sett frå Avaldsnes — ikkje Rehaugane — går over *Helgelandsfjellet* ved Spann-Helgeland, Tronfjell, *Aksnes* (Akrnes) *Våråsen* i Skjold, *Valene* (Storefjell) *Frøland*, Vats (Kyrkjestaden) *Torsnes*, Borefjell.

Jamndøgerslina går over Vormedal, Mykjo, *Vardenuten* på Borgøy, *Nedstrand* (*Frøland*) med bautasteinar og på *Helgafjell* nord for Erfjord.

Solline i november, går over Røkksund (skulde det ha samband med tingsund? Jamnfør nemninga røkstolar i Vøluspå, og Tinghaug eller Tingnut, nytta um fjell), *Falkeid* med stor bauta og steinkrinsar, *Rode*, *Mjølnes*, *Hauskje*, *Helgøy*, Tysdalsvatnet, Lysefjorden.

Solsnulinje ved jol går over *Høgevarane*, *Fosen*, (Folgsn) *Varafjellet* på Austre Bokn, *Aksdal* (Akrstal *Alvestad* på hi sida sundet), vidare over *Galte* og *Rise* på *Rennesøya*, *Åmøy* med stort helleritfelt, over hundrad ritingar frå bronsealder, (Åmøy — jamnfør gygrenamnet Åma, tyder truleg den ein må ha age for eller otte for, professor Magnus Olsen). Lina går ned over fastlandet ved Riska, framum namn som *Tingøy*, *Frøyland*, *Hovland*, *Eltravåg* og *Oltedal*. Både Eltravåg og Oltedal kjem av det gamalnorske namnet på svanone, alptr.

Middagslina sørover (meridianen) går over Vårå med bauta, *Oskureidvatnet* og *Falnes* (kyrkjestad). Oskureid leier tanken til den mytologiske oskureida som reid gjennom lufta i ofsetider og alltid ved midnatt, i meridianid.

Nordover frå Avaldsnes går denne lina over Salhusgarden (truleg av det seinare sælehus ved Karmsundet) Rossabø, *Saltveit* søre, Uradalsfjellet, Skokland, *Saltveit*, nordre, Viksetunet med tunstein og triangel av bautasteinar, *Eltravåg*, *Siggjo* (fjellet på Bømlø) med *Helganes* nedunder og *Finnås* attved.

Dei tvo Saltveitgardane er gissa på å koma av Sodultveit, og ved nordre garden er det ein fjellås som høver til namnet Sodul, (ridesal), men ikkje ved søre. Kunde det ikkje koma av eit Solar-



tveit? Tveit tykkjest ha noko med kultrudning å gjera. Det kjem mykje att i »kultlinone«. Likesom Haug og Hauge meir truleg kjem av kulthaugar og viktigare gravhaugar enn av hump og haug.

Solnedgangslina midtvinters går frå Avaldsnes over Vedle, *Kongsheiane*, *Høgevaren*, *Vea* med *Veøy* og innum *Olter*, no Ferkingstadøyane. (Truleg av alptr — svane).

Vest for Avaldsnes er Karmøy nokso smal og øyane noko utanum sollinone, so der er ikkje so mykje å finna. Men ein har namn som *Reholmen* og *Gitterøy* (gidnøy av solglitter? Professor Magnus Olsen) i Føyna, og *Gitterøy* ved Røvær. Røvær kjem truleg av eit Rødiver, av Rode kanskje (solrode), eller rødi—galte (Galtevær). Jannfør Suggesund på same øya og Galte som gardsnamn på Rennesøya og andre stader.

Solnedgangslina ved midtsumar går over Bø ut ved *Hovsy* (Hovsøy) sør for Espevær. Hovsy kann like snart kome av hov (tempel eller solsnu) som av hestehov, øya liknar ikkje meir på ein hov enn mange andre. Og det kann nemnast at hov visstnok tyder solringen, jannfør og solhov um solsnutid. (Solhovesild — sild som er fanga like før jøl. Rogaland).

#### *Kultnamn utanum sollinor. (Stjernelinor?).*

Kjem ein utanum det område som tykkjest ha solgangslinor, finst det liknande linor med kultnamn. Delvis av same slag, men delvis av ny klasse mytologiske namn, so som heilagnamn »helga«, »ve« og »hov«, og gudenamn og mytologiske namn: Odin, Tor, Ull, Frøya, Frøy, Lodur, Dubbar, Jotun m. v.

Me skal ta for oss nokre av desse linor. Det tykkjest vera mange av dei, kanskje avdi stjernone brigda bane frå årtier til årtier, og folket som bygde under stjernone til seinare tider markerar sine helga stader med nye kultnamn.

Me skal ta til med ei line litt nord for solnedgangslina midtsumars, på ca. 27,5 gr. vest for nord. Frå Avaldsnes går denne lina over Bjørgene, med gamal bygdeborg, *Hauskje* (Haugskeid), *Osnes* (Odinsnes?) og til Melne lengst nord i havet. Sørøver går lina frå Avaldsnes over *Bratt-Helgeland* på *Fosen*, *Boknafjellet*, *Torland*, *Vatnaland* med bauta, framum *Mosterøy* og *Fjøløy*, (kanskje av Odinsnamnet Fjolne?), over *Randaberg* med *Valehaugen* til *Udlandhaug* (av gudenamnet Ull?).

Ei line 37 gr. vest for nord går m. a. over *Låddersy* i nord,

lengst mot synsranda i havet, og over *Lådr* på sørvestsida av Rennesøya. (Jamnfør Odinsnamnet *Lodur* og *Loddfávne*).

Ca. 16 gr. vest for nord går ei line over Espevær, Ramsholmane, Gravhaug på Storesund (med steinkross på i 1750), Bø, med gamall kyrkjestad, Avaldsnes, Høge Varane til Bore på Jæren.

Ca. 13 gr. vest frå nord går lina frå Avaldsnes nordover Bø, Gunnarshaug, *Risøya*, *Hauge* og *Gar* (med gamal steinkross med armane i lineretning, og gamal kyrkjestad), vidare over *Veste* (av *Vestad* eller *Vestø?*), *Kvala*, *Tømmerhammar*, *Ryvarden*, *Odn* på *Bømlo*.

Kring desse siste linor er det eit gammalt, stort og rikt gravfelt på båe sidor av Karmsundet nord for Salhus. På Fastlandssida like nord til *Tømmerhammar*, med bronsealdersrøyser og haugar på so mange toppar, og endå finst det haug i haug um mange er rydda og jamna med jorda.

Gravfeltradisjonen her heldt seg visstnok like til kristen tid. Snorre fortel soleis at då Harald Hårfagre døydde sottdauden på Avaldsnes vart liket ført nord på *Hauge* og hauglagd på fastlandet upp frå »Hasleyar sund«. Der er det den dag i dag ein haug som heiter *Haraldshaugen*. Og like ved ligg *Eirikshaugen* og *Guttormshaugen*.

*Haraldsstytta* er reist like ved steinkrossen på *Gar*, og ligg soleis merkeleg nok nettup i same line som *Haraldshaugen* på *Hauge* og dei gamle kyrkjestadene på *Hauge* og *Gar*.

Ca. 8 gr. vest frå nord går line frå Avaldsnes over *Austreim* med *bauta*, *Straumen* ved *Viksefjorden*, med *bauta*, over *Ryvarden* til *Hovland* og *Vorland* på *Bømlo*, det siste kyrkjeplass, *Løklung*, *Fylkesnes* *Alfsvåg*, *Habbestad* (gamal kyrkjestad), *Urangsvåg*, *Goddo* (*Godøy*) med *Helgeplass* nær ved.

Ca. 10 gr. vest for nord, nord for *Haugesund*, har ein m. a. *Tornesgarden* og *Torevaren*.

5 gr. aust for nord finn ein m. a. *Varafjellet*, *Orkjå* (*Kista*, um eit fjell), *Moster* med *Totlandsstranda* og *Totland* (*Torsland*), *Sagvåg*, *Hovland* og *Vistevik*, *Stord*, til *Reksteren*.

11 gr. aust for nord går lina frå Avaldsnes over centret i dei Fem dårlege jomfruvor (i spalte millom tvo *bautaer*), over *Hemmingstadfjellet*, *Veabråtene*, *Jytnefjell*, *Dubberselvå*, *Eidsfjell*, *Duberg*, *Gitlafjell*, *Tveit*, *Vigdarvatnet* (det vigde vatnet), *Mannaberg* ved *Mannavatnet*, like ved noverande kyrkjestad, *Sveiåsen*,



*Torråsen, Haugen, Stovegolvet* på Stord, *Torsnes* på Tysnes og *Tveit, Tofjell, Gjerdsvik* og *Godøyane*.

Sørover frå Avaldsnes går lina over *Helga-Håland*, med bauta *Helgabergh, Syre*.

Ca. 16 gr. aust for nord frå Avaldsnes finn ein namn som *Norheim, Lysskar* (sør for Hemmingstadfjellet), *Tømmerdal, Taumakistå, Steinsfjellet, Halsane, Valestrand* (over den gamle kyrkjestaden ved Valevåg) *Huglo, Hauge, Elsåker, Onarheim, Hovlandsnuten* og *Hovland*, og *Vevatne*. Dei fem siste stader ligg på Tysnesøya. I Valestrand har ein og *Haugsgjerde* og *Hauge*.

21 gr. aust for nord finn ein *Moksheim, Raglatuvå, Trongjå, Buafjellet, Iljaråsen* (det same som noverande ilk—fotsøle, heilag fotfar. Jamnfør *Elsåker* på Tysnes, heilag åker), *Tømmerdal, Vigdarvatnet, Toråsen* (i Sveio), *Halsnøy Kloster, Husnes, Hatlestranda* (med *Kvitabergsvatnet* og *Atramadal* — alprrhamardal, svanehamdalen?), *Varaldsøy*.

Namn som *Tømmerdal* og *Tømmerhammar* er etter måten sjeldsynte som gardsnamn og viktigare namn. Ålment er tømmer og timber i noverande meining trestokkar, men upphaveleg skal timbr ha vore eit hus av trestokkar. Og endå meiner me med »ei timbra« ei uppsett stova. Namnet kann tenkjast å vera analogt med *Buafjellet* og liknande, som truleg kjem av at det har stått bud der, og kanskje bud eller timbra til serskild bruk.

Den sist nemnde lina går sørover frå Avaldsnes over *Vea, Åkra, Liknes, Stava* (med fleire bautasteinar) *Ferkingstad*, (den gamle kyrkjestaden) og *Nes* med *Nesvarden* og kultsteinar.

*Vea* har vore tyda av vidr—skog, og ein har no tatt upp skrivemåten *Veda* og *Vedavåg*. Det er meir truleg det er kultnamn, anten av *Ve*—heilagdom eller av vidr—heilag tre. Jamnfør trenamna i Edda, *Mjotvidr, Yggdrasil*, m. fl. Svensken *Henrik Schuck* har i »Studier i nordisk litteratur och religionshistoria«, fyrste delen, vore inne på spursmålet um heilage tre i gamal nordisk kult. *Åkra* er truleg ogso her kultåker, og *Liknes* kjem av *Leiknes*, samlingsstad til tevling og kanskje ceremoniar. Ca. 31 gr. aust frå nord finn ein i lina namn som *Spanne, Tyriskolten, Veim* (sjå umtalen av *Vea*. Truleg *Veheim* eller *Vidrheim*, kultnamn). *Valhest, Oaneset, Toreneset, Osnes, Vikebygd* (kyrkjestad), *Veastad, Juten, Innbjoa, Borgundøy, Holsnøy, Ulvanosi* til *Melderskin* (Fjelltind). »Val« kjem att i mange fjellnamn på *Haugaland*, som *Valefjell, Valberg, Valene* m. v. *Valr* skal vera

gamalnorsk ord for falk, stridsplass skal det og vera. Men ein lyt og tenkja på den mytologiske Vale, bror til Odin. Sjå og professor Magnus Olsen i »Ættegård og helligdom« 1926 um Vale i stadnamn, (side 278).

Ei lina går 40 gr. aust for nord over *Helgelandsfjellet*, *Kigjafjellet* *Nonsfjellet*, *Tveite*, *Munkjen*, *Torefjell* (med *Torsvoll* nordanfor), *Ulser*, *Haugsfjell*, *Nervik*, *Aksland* (Akrsland?) *Liknes*, *Vinnes*, *Baugstrand*, *Folgefonna*.

46 gr. aust frå nord finst ei line med *Helgeland*, *Aksdal*, *Alvanuten*, *Eritzland*, *Skjold* (over den gamle kyrkjeplassen og kultsteinar), *Urdal*, *Nereim* (Njardarheim), *Ølen* med kyrkjestad, *Duberg*, *Ve*, *Osnes* (Odinsnes), *Gjerde* kyrkjestad, *Stødle* kyrkjestad og *Helgaberg* med stort helleritfelt, *Hovland*, *Sævareid*, *Skredkollen*.

Ei markert line som skjer *Rehaugane* men ikkje centret ved *Jomfru Marias* synål, går over *Helganes*, *Utsira—Helganes*, *Avaldsnes—Visnes—Rehaugane* på *Luren* — bauta millom dei tvo austre *Rehaugane—Helgelandsfjellet—Offerstad* på *Myklabust*, 4 steinar i større firkant — *Stegaberg*, med bauta — *Ronvik—Yrkje—Helland* (Helgeland?) — *Finneland—Valabukt—Skeie—Rød—Hovtun—Helganes*. Dei tvo siste namn like inne i *Suldal*. Denne lina går i rett vinkel med lina *Avaldsnes—steinkrossen* på *Gard*. *Offerstaden* på *Myklabust* har akkurat same lengde og tverakse som desse tvo linor.

Ei onnor markert line er lengste sida på det store trianglet ved *Avaldsnes*. Lengjer ein denne lina frå *Luren* til *Dei fem dårlege jomfruvor* innover landet, skjer lina millom anna bauta i *Grinde*. Her har det stått 7 steinar, og visstnok i same slag figur som *Dei fem dårlege jomfruvor*, 4 steinar kring midtpunktet og tri i ytre triangel. Vidare skjer lina helleriting på *Nes*, *Skjold*, fjelltoppen *Fuglen*, *Døldarheia* med *Trollnuten*, og *Helgevoll* i *Sandeid*.

I ei klyngje herad, *Skjold*, *Vats*, *Nedstrand*, *Sandeid* og *Imsland* finn ein namnet *Frøland* og *Frøvik* av gudinnenamnet *Frøya*. Andre stader på *Haugaland* finn ein det ikkje.

### *Øynamn i Rogaland og Hordaland.*

Ikkje so lite merkjeleg er likskapen i øynamn innover nord og sør for *Avaldsnes*. I *Sunnhordland* har ein utanfrå og innover *Moster*, *Fjølbnør* og *Holsnøy*, og i *Boknafjorden* har ein utanfrå

og innover Mosterøy, Fjølbor og Holsnøy. Her er det andre øyar millom, men rekkefylgja er den same.

Det slår ein og at dei fleste øynamn innover Boknafjorden er samansette namn, med øy. Men desse samansette namn må vera ovleg gamle, like gamle som eldre klasse av usamansette øynamn. Og dei har fått si nemning utanfrå, ingen gard på øyane ber øynamnet. Og her kring Avaldsnes fell det nær å leita etter kultnamn i fyrste leden, eller namn i samband med kuitbruk.

Moster skal koma av mastr, stong, kanskje merkestong eller høgt med. Fjøløy og Fjølbor kann vel spela inn på naturtilhøve, men ein lyt og tenkja på gudenamnet Fjolne. (Med reminicens i Ynglingatal).

Rennesøya kann vera øya sola rann attum ved vintersolsnu og joleblotet. Finnøy kann ein jamnføra med Finnås i Sunnhordland, Finnvik ved Vindefjorden m. v. Kanskje har det samband med kult. Og Sjydnarøyane må tydeleg ha samband med stjerne kult. I bygdemålet her heiter det »ei sjydna«. Samanlikna og kunamnet Sjyndrei.

Helgøy har ein tvo stader, Åmøy er nemnd før, det er tydeleg mytologisk namn og det er eit stort helleritfelt på øya. Av usamansette namn finn ein Bokn tvo gonger, Talgje tvo gonger, Hille tvo gonger, og vidare Tjut, Ombo, Sokn.

I Sunnhordland har dei fleste storøyane usamansette namn, Bømlo, Stord m. v.

Ute i havet, vest for Avaldsnes ligg Utsira eller i daglegtale Sira. Sjøen innanfor er Sirahavet. Sira er i »Norges gårdsnavn« sagt å koma av eit gamalt »Siwir-awi« sjøøya, eller rettare øya i sjøen. Og sjøen i bestemt form det har nok vore havet utanfor den store heilagstaden. Det trong ikkje anna namn.

### *Rogaland og rygjene.*

Namnet rygjer har ført til gissing um at det har vore innvandra folkeflokkar som ein gong busette seg her i fylket, kring Boknafjorden. Frå Rügen i Nord-Tyskland kanskje. Og hordane kunde vera frå Hardsyssel i Jylland. Andre har nemnd at det kann vera umvend, at utvandrarar herfrå har gitt stadene i Jylland og Tyskland namn. Det er like snart å tru, frå Vest-Noreg har det alltid vore stor utvandring.

Det er og sagt at rygjer og horder er stammenamn, slektsnamn,

etter ein stad dei fyrst budde eller etter ein hovding og hans ætt. Men ein kann og tenkja seg slike stammenamn av religiøst opphav. Nokre ætter har sams religion og kult og får same nemning.

Professor Magnus Olsen har ved stadnamnet Ryvarden, på grensa millom Rogaland og Hordaland ut mot havet, tolka dette som ei avleiding av det før nemnde re, raiho (stong, langstrakt rygg). Folkenamnet rygjer kann vel då og takast som ei avleiding av det likelydande ordet, dei som hadde Re-kulten med Rehaugane og Avaldsnes som hovudkultstad. Og Rogaland er ei ny avleiding. Ryvarden kunde og ha same opphav. Nemninga varde, Varafjellet, Varen, Varåsen m. v. kann og koma av opphaveleg bruk av merke, varde, på synberre stader til orientering i kultbruket den tid kulten hadde astronomisk innslag. Dei viktigare Varafjell ligg kring Avaldsnes i dei markerte kultlinor. Seinare kann namnet ha kome i bruk som ålmenamn på ogso mindre høgder brukt til utsyn attved gardane.

Vardesystemet skulde soleis vera eldre enn vitesystemet til krigsbruk. Opphaveleg kann både vardar og vitar ha vore i bruk i solreligionens dagar. Det er i alle høve ein naturleg tanke.

Det vide område med sams hovudkultcentrum skulde tyda på eit større samfund eller rike, ikkje på bygdesamfund eller mindre ættesamlag, men på verkeleg riksskipnad, med sams skikk, sams tru og sams styre. Eit styre der kongen og øvstepresten var sameint i ein person som budde på Avaldsnes ved hovudkultcentret. Og hadde eit lærd presteskap kring seg som var med og styrde og stod for ritus og dei strålende ceremoniar og religiøse festar. Der-til eit rikt hoff.

Før Vest-Noreg stig inn i saga ved Harald Hårfagre sitt samlingsverk veit ein det var mektige rike her. Difor våga heller ikkje Harald seg til Vest-Noreg før han hadde alt hitt landet under seg. Og før Haralds tid hadde vestlendingane skapt store utflyttarrike på Vesterhavsoyane og i Irland og Skotland. I den tidlege vikingtid. Men dei som vann å skapa slike rike har tydeleg vore frå velorganisert samfund med resursar til utrusting og med utvikla våpenbruk og skipsmateriell som stod over det vanlege i Vest-Europa. Dei har vore frå rike med tradisjon og kultur attum seg. Og dei mange minne um deira forfeders rike solkult over eit stort område stadfester dette inntrykket. Her har vore tusundårsrike her vest før siste tusundåret, etter Harald Hårfagres samling av heile Noreg til eit rike. Professor Shetelig har

elles i »Old og heltetid« m. a. påvist at det før Harald Hårfagre og før Vestfoldriket må ha vore større rikseining i Vest-Noreg med eit kraftig folk og store hovdingar. Han meiner det ligg realitet attum segnene um kong Halv og Halvsrekkjene, kong Starkad og Hjørleiv m. v. frå omkring 600—700 e. kr.

Ein må og koma i hug den astronomiske kunnskap som låg attum dei gamle nordmenns sjømannskap, og kom til syne i deira suverene navigeringskunst. Det må ha vore rik kulturell arv.

### *Bautasteinar.*

Som nemnd finst det ikkje so radt få bautasteinar att i Haugaland, sjølv um mange og har vorte burte siste mannsaldrane. Nokre av dei som har vore nedfalne, men som har fått liggja på staden, er og vortne reiste att etter initiativ av dr. Jan Petersen, styrar av Stavanger Museum som har Rogaland fylke til oldsakfelt. Fridtjof Øvrebø, Torvastad, hadde og varm tanke for å verna um desse gamle steinar med pietet.

Steinane eller steinanlegga tykkjest liggja i markerte kultlinor, med Avaldsnes som skjeringspunkt. Dei tykkjest og ha orientering astronomisk, etter det ymse kultbruk, sol eller stjernegang. Det har ikkje endå vore høve til å gjera seg kjend med alle bautasteinar ein veit av i Nord-Rogaland og Sunnhordland, men eg skal nemna nokre av dei og den orientering dei har.


Jomfru Marias synål, ved centrum i »Avaldsnessystemet«, er orientert etter soluppgang midtsumar. Andre steinar med denne orientering veit eg ikkje av. Steinen er 8,5 m. høg, 0,94 m. breid og 0,22 m. tjukk. Flat skifra gneishelle, grå.

Steinen millom dei tvo austre Rehaugane er orientert etter haugrekkja, soleis etter soluppgang ved månadsskiftet april—mai, eller maiårlina. Ein stein på Mykjo, Førdesfjorden, umlag 6 gr. nord for aust frå Avaldsnes, har same orientering. Båe desse har naturleg fri horisont mot aust.

På Austreim, Skåre, 8 gr. vest for nord, og Støle, Skåre, 2 gr. vest for nord frå Avaldsnes, står det steinar med »maiårorientering«, vel 60 gr. vest for nord mot solnedgang. Her er det fri horisont mot vest.

Frå Skorvamyrå, Føre, Førdesfjorden, står ein liten stein, 33 gr. aust for nord frå Avaldsnes, orientert etter nemnde line (33 gr.). Og steinkrossen på Gard, like ved Haraldsstytta, 13 gr.

Bautastein på  
Falkeid, Tysvær.



vest for nord frå Avaldsnes, er og orientert etter Avaldsnes. Armane er strekt i denne lina. Krossen er no 2,87 m. høg (han var sigen skakk og er reist upp) 34 cm. breid, 12 cm. tjukk. Krossarmane 1 m. lange, dei står 2,26 m. frå jorda. Innsvinga, runde hyrnor i krossen. Monumentet er hogge i stor helle av kornet stein.

So har ein vidare nokre merkelege trianglar, fyrebils veit ein det har vore 5 slike i bygdene her, men tvo av desse er heilt burte, ein på Nes, Ferkingstad, og ein på Vikse, Skåre. Eldre folk kann likevel fortelja kvar dei stod og korleis dei i hovudsak stod.

Tvo stader står det tvo steinar att på Stava, Ferkingstad, og Straumsvoll, Sveio, og berre ein triangel er urørd, den ved Kyrkjevikjå i Skjold, ved den gamle kyrkjestaden. Det vert for langt å koma inn på desse anlegg her, eg skal berre nemna at dei alle har det til sams med Avaldsnestriangelen (Jomfru Marias synål—Rehaugane—Dei fem dårlege jomfruvor) at diagonalen eller lengste sida i trianten, snur mot nordvest og tykkjest ha ei viss sams til midtpunkt. Kanskje solnedgangslinje midtsumar som Avaldsnes-triangelen. Dei einskilde steinane har ulik orientering og markerar andre linor. Storleiken på desse triangel kann variera frå 3 m. på lengste sida til 14 m.

På Falkeid, Tysvær, står ein 3,65 m. høg bauta i soluppgangslinje i nov. frå Avaldsnes, orientert mot 13 gr. aust frå nord. Kloss i denne, på sørsida, står mindre steinar, ein til kvar side i ca.

60 gr. vest frå nord og 60 gr. aust frå nord. Alle tri møtest med kantane. På Sandsgård i Nedstrand står tvo steinar, 3,45 og 2,15 m. høge. Desse tykkjest vera del av eit større anlegg.

Dei fem dårlege jomfruvor er nemnd i kapitlet um solkult. Til for hundrad år sidan var det oppkasta jordvoll kring desse i form av ei svær triodda stjerne, der steinane i ytre triangel var plasert midtvegs i lina millom centrum og yttarste stjerneodd. Og anlegget tykkjest vera kjerne i einslags stjernekalender.

Eit liknande anlegg med 7 steinar finst som ogso før nemnd i Grinde, Skjold. D. v. s. folk kann fortelja um det, og steinane ligg i eit par bruer, berre midtsteinen står att. Men det er merke etter kvar alle centrumsteinane stod, so det skulde la seg gjera å rekonstruera anlegget. Dette anlegget ligg i line med skrålina på Avaldsnestriangelen. Ein 90 år gamal mann fortel at dei kalla desse Grindesteinane for Sversteinane. Skulde det koma av at steinane og markerte tingstad og at dei la eid der, svor? Jamnfør Tvisvorehogjen i stadnamn, haugen dei la eid um, hadde sak um, tvo gonger. I Nedstrand kallar dei bakken der steinane står for Kjempesver, medan steinane som vanleg i Haugaland no vert kalla resasteinar, — risesteinar.


Når ein ser på alt i samanheng tykkjest det mest rimeleg at bautasteinane i Haugaland er kultsteinar eller deler av kultanlegg, og at dei høyrer til den periode her var solreligion, bronsealder og dertil eldre jernalder truleg. D. v. s. dei er oppsette då, truleg har dei vore tradisjonelle kultstader til langt seinare, men kulten har fått andre former. Det har kome hov og seinare kyrkjur på same stad ofte.

\*

Det kann innvendast at det i denne utgreidinga er sett for trøngt på namneverket, det finst liknande namn vidt ut over i landet som kanskje ikkje har samband med kult. Og ein bør samanlikna alt før ein dreg slutningar.

Eg har med vilje sett bind for augo og innråma granskinga til ein horisontring so langt han rekk frå Avaldsnes eller næraste fjella kring Avaldsnes. Og alle namn er sett på med rettkomen misstanke. Og denne metoden har etter mi meining gitt resultat, sjølv um det i ymse tilfelle ikkje her er gitt den rette endelege tolking og vurdering. Men når eit materiale ligg fyre går det an å leggja til eller taka av.

Steinkrossen  
på Gard. Like  
nord for Hau-  
sund, attved  
Haraldsstytta.



Med umsyn til samanlikning må ein hugsa at distriktet her sikkert er av dei eldste i landet, og med ovgamal busetnad. Og namnelaginga og kulten her kann godt ha vore mynster for namnelaging og kult andre stader i landet. Ei lauseleg overfaring av andre gamaltkjende kultcentra i landet gir studnad for ein ide um at ein finn same slag namneskikk og orientering fleire stader. Og det skulde undra meg um det ikkje kunde vinnast mangt ved eit næmare studium.

Dersom namnelaginga i stor mun har vorte til ut frå orientering og kult som her er nemnd skulde det og vera prov for at stadnamna våre verkeleg går attende til 3—4000 år sidan. Mange må vera eldre kanskje, men hovudgardane i distriktet her kann alle ha sine namn frå bronsealders tid. Ein vil kanskje stussa ved å tenkja på at folk har livd på desse gardane i over 100 ættleder, men endå verkeleg historisk tid er mange stader i verda langt eldre enn det. Og tida har ikkje alltid gått med slike kjempestig og sett slike skilje som i våre dagar. Men det skulde gi oss ryggrad som folk og samfund å vita at vår kultur har lenger og større



røter i landet enn me kanskje har vore merksame på, og at denne kultur toler jamnføring med samtidige store kultursamfund ved Millomhavet og andre stader.

*Heming R. Skre.*

### *Litteratur.*

- Bahnson, Kr.:* „Etnografien“, Kjøbenhavn 1900.  
Bergens Museums årbok.
- Bidrag til bondesamfundets historie: „Bosetning og kulturforbindelser“. *Sig. Ericson:* Studier over kulturgrenser og kultursamband på den Skandinaviske halvøy.  
*Alf Sommerfeldt:* Kulturprovinser og sprogområder.
- Boulton, W. H.:* The romance of Archeology. London 1935.
- Bugge, Sophus:* „Norges innskrifter med de eldre runer“. Oslo 1891—1903.  
— *Alexander:* Verdenshistorie. 1929.
- Bøe, Johs.:* „Hordenes innvandring og oldfunnene ved Hardangerfjorden“. Bergens Museums årbok 1931. Og serprent.
- Cunnington, R. H.:* “Stonehenge and its date”. London 1935.
- Edda: Eldre og yngre.
- Enebo, S.:* Gjennem stjerneverdenen. Oslo 1924.
- Encyclopedia Britannica. Siste utgåve. Utgreidingar um astrologi, kult. m. v.
- Falck & Torp:* Etymologisk ordbok.
- Hopfner, Theodor:* „Der Tierkult der alten Ägypter“. Abhandlung II, band 57. Wien 1915. (Kaiserliche Akademie der Wissenschaft).
- Lange, H. O.:* „Religiøse tekster fra det gamle Egypten“. Kjøbenhavn 1921.
- Lockyer, Norman:* “Stonehenge”. London 1906.
- Lugn, Pehr:* „Egypten i fynd och forskning“. Stockholm 1924.
- Nordisk kultur: „Runer“, Oslo 1933. „Tidsregning“, Oslo 1934.
- Olsen, Magnus:* „Norske gårdsnavn“. „Ættegård og helligdom“. Oslo 1926.
- Petersen, Jan:* „Gamle gårdsanlegg i Rogaland“. Oslo 1933. Ymse artiklar i Stavanger Museums årbok, skrifter m. v.
- Schuck, Henrik:* „Studier i nordisk litteratur och religionshistoria“. Stockholm 1904.
- Shetelig, Håkon:* „Norges forhistorie, problemer og resultater i norsk arkeologi“. Oslo 1925.  
— „Old og heltetid“. Oslo 1928.  
— „Det norske folks liv og historie gjennom tidene“, band I. Oslo 1930.